# Læreplan for samfunnsfag 7. klasse 2024/2025

Fag: Samfunn     Klasse: 7     Faglærer: Susanne Bergøy Winsnes

| **Hovedområder / tverrfaglig temaer** | **Kompetansemål** | **Læringsmål** | **Lærestoff** | **Arbeidsmåter** | **Vurderingsform** |
|---|---|---|---|---|---|
| Demokrati og medborgerskap<br><br>Bærekraftig utvikling | Reflektere over korleis møte mellom menneske har bidrege til å endre korleis menneske har tenkt og ulike samfunn har vore organiserte. | *Eleven skal samtale om hva møter mellom mennesker kan føre til.<br><br>*Eleven skal samtale om hva møter mellom mennesker har ført til. | Refleks 7, Gyldendal<br><br>Salaby<br><br>Internett<br><br>globus.cappelen.no<br><br>Fn-sambandet<br><br>Redd-barna.no | Klassesamtale<br><br>Klassediskusjon<br><br>Lese fagstoff<br><br>Finne informasjon i bøker og på nett<br><br>Gruppearbeid<br><br>Fagplakater<br><br>Presentasjoner/ foredrag for klassen<br><br>Spill/leker<br><br>Konkurranser | Vurdering: underveis, framover og sluttvurdering<br><br>Individuell, gruppe, plenum.<br>Lærerveiledning<br>Underveisvurdering<br>sluttvurdering |
| Folkehelse og livsmestring | Utforske ulike sider ved mangfald i Noreg og reflektere over menneska sine behov for å vere seg sjølve og for å høyre til i fellesskap. | *Eleven skal kunne forklare hva identitet er.<br><br>*Eleven skal kunne forklare hva som skjer med et menneske i ungdomstida.<br><br>*Eleven skal kunne samtale om rolleforventninger.<br><br>*Eleven skal samtale om hva sosiale medier har å si for identitetsforståelse. | | | |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Folkehelse og livsmestring | Reflektere over variasjonar i identitetar, seksuell orientering og kjønnsuttrykk, og eigne og andre sine grenser knytte til kjensler, kropp, kjønn og seksualitet og drøfte kva ein kan gjere om grenser blir brotne | * Eleven skal kunne samtale om kjærlighet og respekt, variasjon i seksuell orientering og samliv og familie og diskutere konsekvenser av manglende respekt for ulikheter.<br><br>*Gi eksempel på hvordan kjønnsroller og seksualitet blir framstilt i ulike medium og diskutere de ulike forventningene det kan skape. | Presten kommer inn og har om temaet "Vår identitet i Gud- vår identitet i verden"<br><br>Boka gutt og jente, nettsiden guttogjente.no<br><br>Dembra.no- har mange praktiske oppgaver om identitet | | |
| Bærekraftig utvikling | Utforske korleis menneske i fortida livnærte seg, og samtale om korleis sentrale endringar i livsgrunnlag og teknologi har påverka og påverkar demografi, levekår og busetjingsmønster. | *Eleven skal kjenne til de store kulturene; Hellas, Romerriket.<br><br>* Elevene skal kjenne til hvordan kulturer har påvirket andre, og har | | | |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Folkehelse og livsmestring<br><br>Demokrati og medborgerskap | Reflektere over korleis møte mellom menneske har bidrege til å endre korleis menneske har tenkt og ulike samfunn har vore organiserte. | ført til forandringer, jfr arabisk påvirkning i Europa via maurerne.<br><br>* Eleven skal kjenne til hvordan vikingene reiste ut og lærte nye ting.<br><br>* Elevene skal kjenne til det internasjonale handelsnettverket Hansaforbundet, og hva det hadde å si for Norge.<br><br>* Elevene skal kjenne til kolonialisering; hvordan det foregikk, hva det førte til i samtiden og hvordan det påvirker verden i dag. | globus.cappelen.no<br><br>Fn-sambandet<br><br>Redd-barna.no | | |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Folkehelse og livsmestring<br><br>Demokrati og medborgerskap | Reflektere over kvifor konfliktar oppstår, og drøfte korleis den enkelte og samfunn kan handtere konfliktar. | *Eleven skal kunne forklare hva en borgerkrig er.<br><br>*Eleven skal kjenne til hva FN er og hva deres viktigste oppgaver er.<br><br>*Eleven skal kunne forklare hva slags verktøy for fred vi har og kunne gi eksempler på hvordan disse kan brukes i vårt nåværende samfunn.<br><br>*Eleven skal kunne presentere en aktuell samfunnskonflikt og drøfte forslag til løsninger.<br><br>*Eleven skal kunne skrive samfunnsfaglig tekst ved å bruke relevante faguttrykk og flere kilder. | Fn-sambandet<br><br>https://www.fn.no/Undervisning/1-7-trinn/Ressursbank-Baerekraft<br><br>https://klima.reddbarna.no/ | | |
| Demokrati og medborgerskap | Drøfte kva likeverd og likestilling har å seie for eit demokrati, og utvikle forslag til korleis ein kan motarbeide fordommar, rasisme og diskriminering. | * Elevene skal drøfte menneskeverd, rasisme og diskriminering i et historisk og nåtidig perspektiv | Undervisningsmateriell - Heiverden<br><br>Barnekonvensjonen-liv og lære | | |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Samtale om menneske- og likeverd og samanlikne korleis menneskerettane er blitt og blir varetekne i ulike land. | *gjøre greie for noen av menneskerettighetene<br><br>*Vite hva et demokrati er<br><br>*Drøfte hva likestilling er<br><br>*Komme med forslag til hvordan en motarbeider fordommer, rasisme og diskriminering | https://arkiv.unicef.no/barnekonvensjonen-livoglære | | |
| Bærekraftig utvikling | Utforske og presentere ei global utfordring ved berekraftig utvikling og kva for konsekvensar ho kan ha,<br>og utvikle forslag til korleis ein kan vere med på å motverke utfordringa og korleis samarbeid mellom land kan bidra. | *Vite hva bærekraftig utvikling er<br><br>*Gi eksempler på hvordan barn og voksne kan være med å fremme dette.<br><br>*Komme med forslag til hvordan en kan motvirke utfordringen<br><br>*Vite hvordan en kan samarbeide med andre land | Lær om likestilling og jenters rettigheter med CARE og Salaby - CARE<br><br>Samfunnsfag \| Global skole- handler om menneskerettigheter og diskriminering<br><br>Undervisningsmateriell - Heiverden | | |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Demokrati og medborgerskap | Gjennomføre ei samfunnsfagleg undersøking og presentere  resultata ved hjelp av eigna digitale verktøy. | *Eleven skal gjennomføre og presentere undersøkelser som krever telling og regning, ved å bruke informasjon fra tabeller og diagrammer.<br><br>*Eleven skal kunne bruke digitale verktøy til å presentere samfunnsfaglig arbeid og følge regler for personvern og opphavsrettigheter.<br><br>*Eleven skal kunne formulere et samfunnsfaglig spørsmål, foreslå mulige forklaringer og belyse spørsmålet gjennom en undersøkelse. | | | |

**Kjerneelementene i samfunnsfag:**

**Undring og utforsking:** Elevane skal kunne undre seg over, reflektere omkring og vurdere korleis kunnskap om samfunn før og no blir til. tillegg skal elevane kunne innhente og bruke informasjon frå ulike typar historiske, geografiske og samfunnskunnskaplege kjelder for å kaste lys over forhold i ulike samfunn, til ulike tider, og i sitt eige liv.

**Samfunnskritisk tenking og samanhengar:** Elevane skal forstå samanhengar mellom geografiske, historiske og notidige forhold og korleis desse forholda kvar for seg og saman har påverka og påverkar menneske og samfunn. Elevane skal analysere korleis makt og maktrelasjonar har verka og verkar inn på ulike forhold i samfunnet.

**Demokratiforståing og deltaking:** Elevane skal forstå korleis geografiske, historiske og notidige forhold har lagt og legg føresetnader for høvet menneska har hatt og har til å samarbeide, organisere seg og ta avgjerder i ulike samfunn. Dei skal forstå kvifor konfliktar har oppstått og oppstår, og korleis dei har blitt og blir handterte. Elevane skal få erfaring med demokrati i praksis for å kunne påverke og medverke til samfunnsutforming.

**Berekraftige samfunn:** Elevane skal forstå korleis geografiske, historiske og notidige forhold har lagt og legg føresetnader for korleis menneska har dekt og dekkjer behova sine, og for korleis dei har fordelt og fordeler ressursar i ulike samfunn. Elevane skal sjå at ressursbruken til menneska har hatt og har konsekvensar, og kunne vurdere handlingsalternativ for berekraftig utvikling på individuelt, nasjonalt og globalt nivå.

**Identitetsutvikling og fellesskap:**

Elevane skal få innsikt i korleis menneske utviklar identitet og tilhøyrsle, og korleis dei samhandlar med andre. Dei skal forstå kvifor menneske søkjer saman i samfunn, og korleis identitetsutvikling og fellesskap blir påverka av geografiske, historiske og notidige forhold.

**Tverrfaglige tema:**

**Folkehelse og livsmeistring:** elevane skal bli bevisste på sin eigen identitet og si eiga identitetsutvikling og forstå individet som ein del av ulike fellesskap. Innsikt i korleis relasjonar og tilhøyrsle blir påverka av samhandling med andre, òg digitalt, er ein del av kompetansen i faget. Gjennom faget skal elevane kunne identifisere område der menneskeverdet blir utfordra, til dømes i samband med menneskehandel og slaveri i vår tid, og peike på tiltak for å verne om dei grunnleggjande behova menneske har.

**Demokrati og medborgarskap:** elevane utviklar kunnskapar og ferdigheiter for å kunne skape og delta i demokratiske prosessar. Faget skal bidra til at elevane utviklar kunnskap om og innsikt i demokratiske verdiar og prinsipp. Gjennom arbeid med samfunnsfag skal elevane tenkje kritisk, ta ulike perspektiv, handtere meiningsbryting og vise aktivt medborgarskap.

**Berekraftig utvikling:** elevane forstår samanhengen mellom dei sosiale, økonomiske og miljømessige forholda ved berekraft. Kunnskap om samanhengar mellom natur og samfunn, om korleis menneska påverkar klima og miljø, og om korleis levekår, levesett og demografi heng saman, bidreg til denne forståinga.

## Synliggjøringstillegg Identitetsutvikling og fellesskap samfunnsfag:

Kva det gode liv og det gode samfunn er, er ikkje spørsmål med verdinøytrale svar. Faget må difor gje stort rom for refleksjon rundt kva som er godt og rett i samfunnet, og må klargjere korleis ulike livssyn og tankesystem fører til ulike verdi- og samfunnssyn. Faget byggjer på ei kristen forståing av samfunnet, med ei røyndomsoppfatning og eit menneskesyn som seier at Gud har skapt verda, held henne oppe og er aktiv i menneska sitt liv. I faget skal elevane utforske korleis menneska gjennom sine handlingar kan vere aktive, ansvarlege medarbeidarar i Guds

skaparverk. Elevane skal bli bevisste på religionen sin påverknad på etiske haldningar, sosiale strukturar og lover, og spesielt korleis kristen tru, tanke og sed har prega utviklinga i Noreg.

Fordi mennesket er skapt i Guds bilete, har det potensiale til å gjere godt, men på grunn av syndefallet har det og potensiale til å gjere vondt. Elevane skal bli bevisste på korleis menneske kan verte freista til å misbruke makt, og dei skal bli rusta til å ta ansvar for eige og medansvar for andre sitt liv.

## Framdriftsplan:

| Uke: | Tema | Kompetansemål | Tverrfaglig tema |
|---|---|---|---|
| 34 - 38 | 1 Møter mellom mennesker | Reflektere over korleis møte mellom menneske har bidrege til å endre korleis menneske har tenkt og ulike samfunn har vore organiserte. | Demokrati og medborgerskap<br><br>Bærekraftig utvikling |
| 39 - 44 | 2 Hvem er jeg? | Utforske ulike sider ved mangfald i Noreg og reflektere over menneska sine behov for å vere seg sjølve og for å høyre til i fellesskap.<br><br>Reflektere over variasjonar i identitetar, seksuell orientering og kjønnsuttrykk, og eigne og andre sine grenser knytte til kjensler, kropp, kjønn og seksualitet og drøfte kva ein kan gjere om grenser blir brotne. | Folkehelse og livsmestring |
| 45 - 50 | 3 Industrisamfunnet | Utforske korleis menneske i fortida livnærte seg, og samtale om korleis sentrale endringar i livsgrunnlag og teknologi har | Bærekraftig utvikling |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | påverka og påverkar demografi, levekår og busetjingsmønster.<br><br>Reflektere  over korleis møte mellom menneske har bidrege til å endre korleis menneske har tenkt og ulike samfunn har vore organiserte. | |
| 1 - 6 | 4 Krig og konflikt | Reflektere over kvifor konfliktar oppstår, og drøfte korleis den enkelte og samfunn kan handtere konfliktar. | Folkehelse og livsmestring<br><br>Demokrati og medborgerskap |
| 7 - 12 | 5 Menneskerettigheter | Drøfte kva likeverd og likestilling har å seie for eit demokrati, og utvikle forslag til korleis ein kan motarbeide fordommar, rasisme og diskriminering.<br><br>Samtale om menneske- og likeverd og samanlikne korleis menneskerettane er blitt og blir varetekne i ulike land. | Demokrati og medborgerskap |
| 14 - 18 | 6 Bærekraftig utvikling – vanskelige valg | Utforske og presentere ei global utfordring ved berekraftig utvikling og kva for konsekvensar ho kan ha, og utvikle forslag til korleis ein kan vere med på å motverke utfordringa og korleis samarbeid mellom land kan bidra. | Bærekraftig utvikling |
| Ca. uke 19 | Rus | Besøk av resursperson med undervisningsopplegg om rus. | Folkehelse og livsmestring |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 19 - 24 | 7 Å forske på samfunnet | Gjennomføre ei samfunnsfagleg undersøking og presentere resultata ved hjelp av eigna digitale verktøy. | Demokrati og medborgerskap |